

VEDLEGG



**DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT**

Statsråden

Stortinget, Familie- og kulturkomiteen

0026 OSLO

Dykkar ref

Vår ref

Dato

22/8068-4

30. januar 2023

**Dokument 8:72 S (2022-2023) Representantforslag frå
stortingsrepresentantane Lan Marie Nguyen Berg, Rasmus Hansson og
Kristoffer Robin Haug**

Eg viser til brev av 21. desember 2022 frå Familie- og kulturkomiteen. Eg er invitert til å vurdere Dokument 8:72:S (2022-2023) frå stortingsrepresentantane Lan Marie Nguyen Berg, Rasmus Hansson og Kristoffer Robin Haug, om å gjere 26. november til nasjonal minnedag for ofra etter holocaust.

26. november 1942 vart 529 jødar i Noreg deportert med skipet Donau. Av desse var det berre nokre heilt få som kom attende til Noreg. Dei fleste vart drepne i Auschwitz kort tid etter at dei kom fram.

26. november 1942 er ein svært dyster dag i Noregs historie. Det er viktig å minnes dagen, ofra, ha kunnskap om antisemittisme før og nå, og ha ein aktiv innsats for å motverke antisemittisme i vår tid. Dagen vert allereie markert med ulike arrangement, mellom anna i regi av dei jødiske musea i Trondheim og Oslo, og av Senter for studiar av Holocaust og livssynsminoriteter. Minnemarkeringane 26. november 2017 og 2022 (75 og 80 år etter deportasjonen) var store, med deltaking av Kongehus og representantar frå regjeringa og Stortinget.

Stortingsrepresentantane Berg, Hansson og Haug meiner det er naudsynt med ei norsk markering av behandlinga av jødane under andre verdskrig og ei bevisstgjerung om at det aldri må skje igjen, i tillegg til den årlege markeringa av Den internasjonale holocaustdagen.

Etter mi vurdering tek markeringa av Den internasjonale holocaustdagen 27. januar på ein god måte opp i seg det perspektivet representantane Berg, Hansson og Haug ønskjer å

fremje. Den internasjonale holocaustdagen vart oppretta som minnedag etter ein resolusjon i FNs sikkerheitsråd i 2005. Dagen vert markert rundt om i landet og har stort fokus på lagnaden til dei norske jødane under andre verdskrig, i tillegg til lagnaden til romar og andre minoritetar som var ofre for utryddingspolitikken til nazistane. Dagen er òg eit høve som mange skular bruker til å ta opp dei aller mest alvorlege konsekvensane av rasisme og antisemittisme med elevane.

Å etablere ein minnedag i tillegg, vil kunne gå utover oppsluttinga om den felles, årlege markeringa av Den internasjonale holocaustdagen. Eg ser det difor ikkje som føremålstenleg å etablere 26. november som ein ny nasjonal minnedag.

Med helsing



Sigbjørn Gjelsvik